



Arne Mjåseth
Holsbergsien 3
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2819 - 15/20584

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
17.11.2015

Mangel- Søknad om løyve til tiltak utan krav om ansvarsrett- Oppføring av garasje på gbnr 10/203 seksjon 2, Holsbergstien

Det vert vist til Dykkar søknad journalført 28.10.2015 i Meland kommune, søknaden gjeld oppføring av garasje på gbnr 10/203 seksjon 2 i Holsbergstien. Administrasjonen har gått gjennom søknaden og finn den mangelfull. Før saka kan handsamast må følgjande dokumentasjon vera innsendt:

- Det må sendast inn snitt teikningar og fasadeteikningar av alle sidene av garasjen. Teikningane skal vera målsatt og i riktig målestokk.
- Garasjen er teikna inn på situasjonskart der byggegrensa mot veg ikkje er vist. Det ser ut som at plasseringa ikkje vil komme i konflikt med byggegrensa, men ber om at den blir teikna inn på vedlagt kart der byggegrensa er synt i kartet.
- Det må gå fram av situasjonskartet kvar avkjøring er. Det skal vera plass til ein biloppstillingsplass framfor garasjen, samt kunne snu på eigen grunn. Dette må visast på situasjonskartet.

Dispensasjon:

- Tomannsbustaden på gbnr 10/203 er seksjonert med ein eksklusiv bruksrett på utearealet. Dykkar del av gbnr 10/203 har ein bruksrett på 481 m². I søknaden har Dykk oppgitt % BYA (bebygd areal) på tomten. Reguleringsplanen for B5 i Holmemarka aust er regulert med ein maks %TU/BRA (tomteutnytting) på 36 %.

Administrasjonen har gjort ei kontrollrekning og kjem til at dykk vil komme over tillatt utnyttingsgrad på eigeidommen:

$$158 \text{ m}^2 + 36 \text{ m}^2 * 100 / 481 \text{ m}^2 \text{ (Dykkar del av tomten)} = \mathbf{40,33 \%}$$

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

- Tiltaket er såleis avhengig av dispensasjon frå reguleringsplanen når det gjeld utnyttingsgrad, slik søknad må grunnjevast, der det klart går fram fleire fordelar enn ulemper ved å gje dispensasjon. Jmf. Kap. 19 i Plan- og bygningslova.

Om søkjar vel å redusera garasjen slik at ein kjem inn under eit samla TU på 36 %, må det saman med fasadeteikningar sendast inn oppdatert situasjonskart og søknad.

Tiltaket må ikkje setjast i gang før løyve etter Plan- og bygningslova Kap. 20 ligg føre. Dykkar søknad vert difor lagt i ventearkiv, i påvente av at manglande dokumentasjon vert innsendt. Når søknaden er komplett vil den takast fram til ordinær handsaming.

Kommunen held seg rett til å be om ytterlegare dokumentasjon dersom sakshandsamar finn dette naudsynst ved nøyare gjennomgang.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

10_203_3_sit

Mottakere:

Arne Mjåseth

Holsbergsien 3 5918

FREKHAUG